

# ÅRSMELDING FOR JÆRMUSEET 1997

## Jæren Museumsråd

### ÅRSMELDING FOR JÆRMUSEET 1997

Jærmuseet har også i 1997 prøvd å balansera verksemda mellom publikumsretta tiltak og arbeidsoppgåver retta mot samlingar, dokumentasjon og forskning. Me må likevel konkludera med at innanfor dei ressursrammene museet disponerer er det arbeidet med samlingane som blir dårlegast ivaretatt. Det er særleg mangelen på trygge lagerlokale og saknet av eigen mekanikar/handverkar som får negative følgjer for museet sitt bevaringsarbeid.

Arbeidet med å realisera utstillings- og magasinbygget er svært viktig i høve til bevaringsproblematikken. Elles blir ikkje Jærmuseet noko "heilt" museum før nye basisutstillingar er på plass.

I dette perspektivet kan Jærmuseet verarimeleg nøgd med eit besøkstal på vel 24.100, sjølv om dette er ein nedgang på omlag 3700 i høve til 1996. Tilliks med mange andre museer var det særleg sommarbesøket som svikta dette året.

Med det tilbodet museet har i dag blir barnefamiliar og skuleklassar den viktigaste målgruppa vår. Særleg ovanfor skulane i regionen har Jærmuseet i 1997 auka innsatsen, både i omfang og kvalitet. Når det gjeld andre aktivitetsområde har ein stort sett halde same nivå som i fjor. Me vil særleg peika på følgjande gledelege tiltak og framsteg i 1997:

- Kvalitativ forbetring av skuletilbodet og vesentleg auke i talet på skuleklassar som har besøkt museet.
- Fleire aktivitetsdagar og opne publikumsarrangement i høve til 1996, takka vera utvida samarbeid med frivillige personar og lokale organisasjonar.
- Gjenopning av Kvia stasjon og samarbeid med NSB om SESAM-toget.
- Museet har dette året komme i gang med to nye forskings- og dokumentasjonsprosjekt:
  - "Plast i landbruket" som er eit delprosjekt av forskingsprosjektet "Plasten i det moderne Norge", finansiert av Norges Forskningsråd
  - "Jærsk gardsmat", innsamling og dokumentasjon av jærsk mattradisjonar, finansiert med tilskot frå og utført i samarbeid med Fylkesmannens landbruksavdeling.
- Brannsikring av Kvia-tunet med støtte frå Norsk Museumsutvikling og Stiftelsen UNI. Storparten av arbeidet med sprinklaranlegg blei utført i 1997.
- Vesentleg tilvekst av verdfullt film- og fotomateriale til Kvernelandsarkivet.
- Utforming av eit overordna perspektiv for utstillingane i 2. byggesteg der me vil leggja vekt på integrering av natur- og kulturhistorie med fellesnemnaren: "Natur- og kulturinformasjon i eit jordbrukslandskap".

## JÆREN MUSEUMSRÅD

Jæren museumsråd hadde årsmøte 9. april på Gjesdal Bygdahus. Vararådsordførar Anfinn Lorentzen ynskte rådsmedlemmene og møtedeltakarane velkomne.

Ordførar Svein Kj. Søyland helsa årsmøtet i Jæren Museumsråd og orienterte om Gjesdal kommune. Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av kommunane og fylkeskommunen møtte 23 representantar, av desse 5 varamedlemmer. Tilsaman møtte 26 av 36 rådsmedlemmer.

Årsmøtet handsama og godkjende årsmelding og rekneskap for 1996, arbeidsprogram for Jærmuseet 1997 og kontingent og budsjett for 1997. Rådsmøtet vedtok samrøystes å tilrå eigarkommunane å godkjenna ein kontingent på kr. 7,60 pr. innbyggjar frå 1998.

Jone Vadla blei attvald som styreleiar medan Anfinn Lorentzen blei ny rådsordførar då Kari Austenå hadde sagt frå seg attval.

## STYRET

Jone Vadla, private medlemmer, styreleiar  
Roald G. Bergsaker, Rogaland fylkeskommune, nestleiar

Ole I. Bore, Klepp  
Karin Røyseland Jordal, Sandnes  
Anfinn Lorentzen, Time  
Eldar Odland, Hå  
Einar Jan Ronæs, Sola  
Olav Sande, Randaberg  
Liv Todnem, Gjesdal  
Einar Lea, private medlemmer  
Knut Austad, representant for dei tilsette

## Varamedlemmer:

Lars L. Salte, private medlemmer

Ruth Thu, Rogaland fylkeskommune  
Helge Braut, Klepp  
Svein T. Berge, Sandnes  
Turid Barvik, Time  
Rasmus Pollestad, Hå  
Målfrid Røyneberg, Sola  
Kari Austenå, Randaberg  
Endre O. Haus, Gjesdal  
Karl Sveinsvoll, private medlemmer

Styret har i meldingsåret hatt 7 styremøte og behandla 62 saker. Dei viktigaste spørsmåla har vore saker i samband med vidare utbygging og finansiering av Jærmuseet, m.a. utstillingskonseptet "Natur- og kulturinformasjon i eit jordbrukslandskap", div. prosjekt vedr. Hanabergmarka, oppføring av reiskapshus, økonomi og budsjett-saker og arbeids- og personalsituasjonen.

## PERSONALET

I 1997 hadde Jærmuseet 5 heile stillingar innanfor den offentlege budsjetttramma. Dette er 1,5 årsverk meir enn i fjor og har samanheng med at museet fekk ny museumslektor og konservator for Flyhistorisk Museum Sola (FMS). Andre fast tilsette, deltidsstillingar, lengre engasjement og sysselsette utgjorde i 1997 berre 4,5 årsverk, (mot 7 i 1996), medan vakter, ferievikarar og andre timeengasjerte utførte 1,5 årsverk. Tilsaman hadde då Jærmuseet i 1997 vel 11 årsverk, mot 13 i 1996. Reduksjonen i det samla talet på årsverk skuldast først og fremst nedgangen i sysselsetjingstiltak og avslutninga av to dokumentasjonsprosjekt. Men på grunn av stramare budsjetttrammer laut museet og spare inn vel eit årsverk på vakter, ferievikarar og andre timeengasjement. Dette har m.a. ført til hardare arbeids-

press på den faste staben. Følgjande personar har vore tilsette eller engasjerte ved Jærmuseet i 1997:

## Faste stillingar:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 stilling  
Målfrid Grimstvedt, konservator/nestleiar, 1/1 stilling  
Lars Ødemotland, gardsstyrar/formann, 1/1 stilling  
Knut Austad, museumslektor, 1/1 stilling  
Inger Smidt Olsen, konservator Flyhistorisk Museum Sola, 1/1 stilling  
Björg Sandve, formidlar/assistent 1/1 stilling  
Oddvar B. Høyland, aktivitetsleiar, fram til 1.10. 1997

## Andre engasjement:

Torill Tegle, 40 % stilling, PU-aktivitetar  
Else Milde Berge, 50 % /60 % kontor, frå 1.04. 1997  
Ragnhild Thu, 20 % div. faghjelp  
Torbjørn Hertel-Aas, ekstrahjelp, hovudfagsstudent  
Oddvar S.E. Lode, 100%, gardsarbeid/div. vedlikehald  
Else Milde Berge, 100 %, kontor, div. registrering, til 31.03. 1997  
Sissel Leirdal, div. kontor, resepsjon 10.03. - 27.06.

## Timeengasjement vakt, kafe, servering, reinhald, restaurering, gardsarbeid, ferievikarar, prosjekt:

Sigrun Ødemotland, Sissel Ødemotland, Helene Østby  
Larsen, Frode Østby Larsen, May Tove Kvia, Hege Tjøtta, Ingunn Reime, Gjertrud Håland, Ingvor Varhaug, Kjell Arild Nielsen, Jon Obrestad, Sverre Skjæveland, Sverre S. Undheim., Steinar Kartavoll, Siv Folerås, Anne Mette Bjelland, Else Barstad, Rønnaug Undheim, Lisa Schamber, Svein Høyland  
Aud Kari Kvalbein, innsamling og intervju, "Jærsk gardsmat"  
Ingrid Varhaug, utskrivning av intervju  
Egil Tofte, prosjekt i tilknytning til Hanabergmarka og naturinformasjonssenter, 40 % april - oktober

## VIDARE UTBYGGING AV JÆRMUSEET

I 1996 blei avtalen om vidare utbygging av Jærmuseet sitt 2. og 3. byggesteg handsama og vedtatt av alle dei sju medlemskommunane. I løpet av 1997 har kommunane sett av midlar til 2. byggesteg/utstillings- og magasinbygget i økonomiplanane 1998 - 2001.

Bygget har ein kalkyle på ca. 15,3 mill. 1996-kroner og føreset ei tre-deling av kostnadene på kommunane, fylkeskommunen og staten. Utstillingane må finansierast separat. Museet har søkt fylkeskommunen om midlar frå 1999. Fylkesutvalet skal behandla saka på nyåret 1998. Det er også søkt Norsk Kulturråd om midlar fordelt på åra 1998-2000. Også her vil saka bli handsama vinteren 1998.

Styret har vedtatt at dei ønskjer eit naturinformasjonssenter knytta til 2. byggesteg. Og det er skissert nokre førebels utstillingstema med følgjande hovudinnfallsvinkel: "Natur- og kulturinformasjon i eit jordbrukslandskap".

I perioden april - oktober var miljøvernleiar i Hå, Egil Tofte, engasjert i 40 % stilling for å førebu arbeidet med eit naturinformasjonssenter, samt arbeida med fleire prosjekt i Hanabergmarka. Dette engasjementet var finansiert med midlar frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) og kanalisert via Fylkesmannens miljøvernavdeling.

## ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Frå 1997 er budsjett- og rekneskapsoppsettet lagt om slik at ein nå har eit samla driftsbudsjett. Tidlegare år har ein som kjent operert med budsjett "innanfor" og "utanfor" tilskotsordninga.

Driftsbudsjettet for Jærmuseet i 1997 var på mest 5,2 mill. kroner. Det faste offentlege tilskotet utgjorde



21.mai 1996 kunne ordfører Eldar Odland og trafikksjef i NSB, Henning Lode, gjenopna Kvia stasjon.



Her tar dei imot første ankomst av SESAM-toget.

kr. 2,770.000,-, ein auke på 160.000,- kroner. Kontingenten frå dei sju medlemskommunane utgjorde 32 % av det offentlege tilskotet, eller 886.000,- kroner. På grunn av det gode lønsoppgjret i offentlig sektor i 1996 dekker ikkje auken i det fylkeskommunale tilskotet den reelle pris- og lønsveksten på museet. Samla lønsutgifter, minus sysselsetjing, utgjorde ca. 2,7 mill. Andre kostnader ved drifta må såleis dekkast av eigeninntekter, omframme tilskot eller prosjektmidlar.

Eigeninntektene er reduserte i 1997 samanlikna med fjoråret. Dette skuldast dels at boksalet (sauaboka) og oppdragsinntektene (som følgje av arbeidet med Krossen Havremølle) var særleg store i 1996. Men mot slut-

ten av dette driftsåret synte det seg likevel at museet fekk betydelege inntekter av saueboka også i 1997. Nedgangen i publikumsinntektene er merkbare - særleg reduksjonen i billettinntektene på ca. 100.000,- kroner. Denne summen tilsvarar stort sett ein nedgang i betalande vaksne på 3500 personar. Denne tendensen var tydeleg allereie i vår og førte til at museet reduserte talet på årsverk, m.a. vakter og ferievikarar, og skar samtidig ned andre utgiftspostar som t.d. reinhald. Samtidig har museet konkludert med at det ikkje er økonomisk grunnlag for å erstatta aktiviteitsleiaren som slutta hausten 1997, då føresetnaden for denne stillinga var at ho langt på veg skulle vera sjølvfinansierande.

Det gjekk også nokre månader før museet fekk endelig avklart om ein fekk utbetalt løns- og priskompensasjon for året før.

Jærmuseet har såleis halde ei svært sparsommeleg line allereie frå starten av året. Desse tiltaka bidrog til at museet likevel fekk eit godt positivt driftsresultat i 1997.

Det er likevel grenser for kor mykje ein kan spara inn på nødvendige kostnader før det medfører at drifta kjem inn i eit dårleg leie. Ein del av nedskjeringane av publikumsrelaterte kostnader har blitt nytta til å engasjera ein kontorfullmektig i 50% stilling frå 1.04. Denne omprioriteringa er heilt nødvendig dersom organisasjonen skal fungera. Mangelen på kontorphonale er spesielt alvorleg i høve til oppfølging av kontor- og rekneskapsrutinar.

#### Kafé, servering, anna sal

Kafedrifta har følgd same opplegget som i fjor. Omsetninga i kafeen ligg omlag 30.000,- kroner under fjoråret. Men serveringa til grupper har blitt halvert samanlikna med 1996 - frå 304.000 til 153.000,-. Ein har såleis ikkje klart å følgja opp målsetjinga om å satsa meir på gruppemarknaden.

Då aktiviteitsleiaren også slutta hausten 1997, har ikkje museet hatt kapasitet til å auka innsatsen på dette feltet. Omsetninga i museumsbutikken ligg på omlag 60.000,- kroner, minus boksalet.

Det er gledeleg å konstatera at boksalet, særleg boka "Med sauen til heis", har gått bra også dette året.

#### Oversyn over fordelinga av ulike inntekter

Nedgangen i eigeninntektene har medført at dei offentlege tilskota dette året utgjør ein prosentvis større del

av budsjettet enn tidlegare år. For første gang på mange år utgjør desse tilskota vel halvparten (53 %) av museet sine inntekter.

	1996		1997	
	kr.	%	kr.	%
Fylkeskommune	1,775.000	29,5	1,884.000	36,0
Eigarkommunane	835.000	14,0	886.000	17,0
Div.tiltak	305.000	5,0	120.500	2,3
Særlege avtalar/ prosjekt*	1,144.500	19,0	1,039.000	19,0
Eigeninntekt **	1,829.000	30,5	1,262.000	24
Renteinntekter	112.000	2,0	116.500	2,2

\* Omfattar PU, private og offentlege øymerka tilskot, ulike prosjektrufusjonar og bruk av overførte prosjektløyvingar.

\*\* Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, sal av bøker, annonseinntekter, driftsinntekter på Kvia, medlemspengar, billettinntekter og andre arrangementsinntekter, servering, kafe, utleige og div.suvenirsal.

#### Diverse gratisytningar.

Hå kommune dekker ein del kostnader som ikkje kjem fram i museet sin rekneskap ved at kommunekassen fører rekneskapen og betalar ut løna. Dette er til svært stor hjelp for oss. Museet må likevel sjølv stå føre konforføring av løn, andre utgifter og inntekter, kassaoppgjær, fakturering etc.

#### JÆRMUSEET- KVIA 4H-GARD

Drifta på garden har også dette året tatt sikte på å visa eit allsidig husdyrhald og ulike plantekulturar med utgangspunkt i 1950-talet. Ein har i hovudsak følgd same driftsopplegg som tidlegare år.



Jærmuseet har og skaffa seg to bikuber, og hausten 1997 laga me utstillinga "Bia- vårt minste husdyr". Birøkt er tatt med i museet sitt undervisningsopplegg.

### Husdyra.

Ved årsskiftet hadde museet følgjande besetning:

Kyr, kalvar/bevaringsbesetning:

03 Plomrei, kalva 10. april. (stutkalv, 18)

12 Åse (dotter til Silkrei), kalva 13. januar (Kossekalv, 16)

09 Fagrei, kalva 28.10. (Kossekalv, 19)

17 Silkrei d.y (kalv etter Silkrei, f. 23.03. 1997)

19 Kvirei, (kalv etter Fagrei, f. 28.10. 1997)

18 Stut

Dyr som er selde/slakta i 1997:

02 Silkrei. På grunn av skade på spenane vart denne kua slakta 15.04.

16 Kossekalv, seld til L. Holgersen

15 Stutkalv, (f. 20.10. 1996, etter 13). Seld til slakt juni 1997.

Andre husdyr:

Museet hadde ved årsskiftet 1996/97 tre ungsugger. To av desse blei selde til L. Holgersen, ei beholdt museet. Ungsugga har hatt to kull. (21.02, 01.08).

4 gjess. Det blei ikkje ruga fram gåsungar dette året.

Jærhønene vart utrydda i år også; denne gongen var det hønsehauken. Men nye er komme på plass takka vera klukkhøna og ein ny rugemaskin.

Museet har dei tre fjordhestane Englida, Sandrina og Veslemøy. Ingen føl dette året.

Jon Obrestad har framleis nokre sauer på Kviagarden. Museet har hatt to kopplam og to bikuber.


### Åker og eng

På "Trikanten" var det havre dette året. Storparten blei hausta med skurtreskar. Resten blei skore med ljà, sigd og sjølvbindar - på korndagen og i samband med besøk av skuleklassar.

På "Vestre Vodlen" (ved museumsbygget) var det og noko havre, litt grønnsaker og litt potet (pimpernell). Storparten av dette blei sådd og hausta av skuleklassar.



Frå opninga av måleriutstillinga "Klapping med ei hand i grøn åtgaum" av Einar Myklebust. Kunstnaren saman med Målfrid Snørteland.




Tre av «ungdommane» som laga utstillinga frå 1950-åra. Frå v: Dagmund og Anne Marie Bernssen og Else Milde Berge.



Glimt frå Teknikkens dag 11. mai. Spennvidda var stor frå Kjell T. Gudmestad sine steel-gitarar til Tønnes Grødeland sine små motorar som samla mennene si interesse.

Kven seier at jentene ikkje likar traktor!



“Vodlen” blei nytta til kålrot og potet, mest Beate. Dette året var kronår for poteter - stor avling og god kvalitet. Diverre gjekk det rotmakk i kålrota, så den enda som kufør.

På “Tingsteinsvodlen” er det framleis eng. Det var lita høyavling, men andreslåttan var god. Førsteslåttan blei stort sett tørka i hesjer på tradisjonell vis, medan andreslåttan blei pakka i moderne rundballar.

“Bekkjavodlen” blei nytta som beite for kyr og kalvar. Hestane beita og i Hanabergmarka. Jordbruksinntektene, d.v.s. sal av grønnsaker, husdyr og produksjonstilskot, blei tilsaman vel 98.000,- kroner, omlag det same som i fjor. Utgiftene til gardsdrifta, minus arbeidskostnader, utgjorde omlag 103.000- kroner.

Elles er me svært glade for at Jærmuseet også i 1997 fekk behalda Oddvar Lode på Kviagarden. Han tar seg av det daglege stellet i vekene og gjer elles førefallande arbeid. Til stell i helgar og høgtider har museet nytta timeengasjerte avløyssarar.

Me vil elles retta hjarteleg takk til Samarbeidsutvalet for landbruksorganisasjonane som dette året har gitt kr. 25.000,- i driftsstøtte til Jærmuseet-Kvia 4H gard med lovnad om kr. 50.000,- i 1998 og 1999 og til “Stiftelsen til fremme av jordbruket i Nærbo og omegn” for tilskot på kr. 20.000,- dette året. Det økonomiske grunnlaget for museums- og 4H-garden er likevel ennå usikkert.

Manglande fast personale fører m.a. til at ein ikkje får oppfylt målsetjingane om å ta vare på og vedlikehalda kunnskapen om eldre arbeidsmåtar og reiskapsbruk på ein systematisk måte.

## AKTIVITETSDAGAR OG UTOVERRETTE VERKSEMD

Jærmuseet hadde sundagsope for publikum frå 1. mars til 9. november. I perioden 15.06 - 14.08 hadde me også laurdagsope og utvida opningtid til kl. 17.00 på vanlege kvardagar. Museet er ope for grupper heile året.

I 1997 hadde museet 27 opne arrangement eller dagar med aktivitetstilbod for publikum, dei fleste på sundagar. Året før hadde me 19 aktivitetsdagar. Trass i trongare budsjetttrammer har Jærmuseet såleis auka publikumsaktiviteten, sjølv om ein på fleire sundagar har lagt opp til eit noko enklare og mindre omfattande program. Auken i arrangement har samanheng med at Jærmuseet dette året har utvikla eit godt samarbeid med fleire organisasjonar og privatpersonar. Hjarteleg takk til alle som har hjulpet oss i året som gjekk!

- Ein del av dei spreke pensjonistane frå Nærbo Sanitetsforening, som hars sine faste trimturar i Hanabergmarka kvar onsdag, har tatt på seg rolla som “vertar” i heimehuset på sundagane. Sidan Kviagarden i stor grad skal formidla livet på ein jærgard i 1950-åra, får publikum møta personar som har opplevd desse åra, og som kan fortelja om denne tida slik dei hugsar det. Når så fleire av vaktene får spørsmålet “Bur de her?”, er me overtydde om at formidlinga er i gode hender.
- “Teknikkens dag” blei arrangert med stor innsats frå mange teknisk interesserte og kyndige medhjelparar.
- Ei velfortent takk og til alle dei friske “ungdommane” som bidrog til utstillinga “Ung på Jæren i 1950-åra” og som deltok i ulike aktivitetar i samband med denne.

- Medlemmer i Jæren Jakt- og Fiskelag stod og føre programmet på fleire aktivitetssundagar våren 1997 i samband med deira utstillingar
- Medlemmer i Jæren Birøktarlag og Sandnes Birøktarlag deltok på aktivitetsdagar i samband med bieutstilling
- Me sette og stor pris på initiativet frå Hjelmeland kommune v/Åse T. Jensen som bidrog til å bringa Garborgepla tilbake til Jæren. Sundag 5. oktober kunne ordførar Terje Thornquist først planta eit nytt Garborg-epletre ved Garborgheimen, så eit i hagen på Kvia. I kafeen bydde Åse på smakebitar på frukt frå Ryfylke.
- Dessutan vil me framheva at Jærmuseet dette året hadde si første kunstutstilling

Dette betyr ikkje nokon ny profil frå Jærmuseet si side. Som region- og landbruksmuseum vil institusjonen i hovudsak konsentrera seg om utstillingar med natur- og kulturhistoriske tema. Men når kunstnaren heiter Einar Myklebust, og er ein av arkitektane bak museumsbygget, var det spennande å få demonstrert korleis museumsbygget, og ikkje minst hemsan, også kan utnyttast til den type utstillingar. Dessutan var det interessant å merka seg at denne utstillinga trekte eit noko anna publikum.

Me vil elles understreka samarbeidet med NSB og SESAM-toget som gjekk i rute mellom Nærbø stasjon og den nyopna Kvia stasjon i dagane 21.mai - 1.juni. Naturleg nok var dette svært populært mellom borna i området - både organiserte grupper og enkeltpersonar nytta høvet til å få seg ein tur. Det blei seld omlag 2500 togbillettar, noko NSB også var godt nøgd med.



11. mai blei "Teknikkens dag" arrangert på Jærmuseet for første gang. Dette blei den største publikumsdagen sidan opninga av museumsbygget i 1995. Her ser me Bernt Tunge samt medhjelparar på Motorsamlinga på Randaberg.

#### I 1997 har det vore følgjande aktivitetsdagar og arrangement på Jærmuseet:

02.03: Opning av utstillinga "Frå matauk til sportsfiske", laga av Jæren Jakt- og Fiskelag, og jubileumsutstillinga

"Norges Jeger- og Fiskerforbund 125 år".

09.03: Garman Holen demonstrerte bygging av splitcane-stenger

23.03: Maling av påskeegg, premiutdeling. Samarbeid med Rogaland Egglag og Jærbladet

4-6.04: Flugebindarkurs v/Jæren Jakt- og Fiskelag

13.04 Kulturminnedag, markering av kulturminneåret. Samarbeid med Arkeologisk museum i Stavanger v/Grethe Lillehammer

20.04: Røyking og tillaging av fisk v/Jæren Jakt- og Fiskelag

27.04: Vårdag i samarbeid med 4H-klubbane i Hå

04.05: Demonstrasjon/prøving av flugestenger i Audamotlands-tjørna v/Jæren Jakt- og Fiskelag

11.05: Teknikkens dag

21.05: Opning av "Kvia stasjon" og SESAM-toget

25.05: "Eg gjekk ein tur på stien" i samarbeid med Jæren Husflidslag

01.06: Opning av utstillinga "Ung på Jæren i 1950- og 1960-åra". Samarbeid med frivilljuge "ungdommar"

15.06: Aktivitetar i samband med "Ung på Jæren..": Skulegang.

22.06: Slåttedag

23.06: St.Hans feiring i lag med 4H i Hå og "Ung på Jæren"

29.06: Aktivitetar i samband med "Ung på Jæren": Ferie og fritid

13.07: Aktivitetar i samband med "Ung på Jæren": Tevlingar, eksteriørdøming av husdyr

31.08: Biedag, opning av utstillinga "Bia- vårt minste husdyr".

07.09: Friluftsdag i Hanabergmarka i lag med Hå kommune v/miljøvernleiar og Jæren Sportsenter/Kreftmarsjen

14.09: Opning av måleriutstillinga "Klapping med ei hand i grøn åtgaum" av Einar Myklebust./ Støpping av lys

Utstillinga "Ung på Jæren i 1950-åra" blei opna 1. juni. På programmet stod m.a. konkurranse i fløytekepynting. Her er Ingvar Gausland i aksjon og blir overvaka av Møyfrid Lode Reiestad.



- 21.09: *Forskningsdagane 1997: "Jærjordbruket under plast"*  
 05.10: *"Garborgeplet tilbake til Jæren" - planting av Garborgepletre på Jærmuseet "Mat med honning", samarbeid med Sandnes Birøktarlag og Jæren Birøktarlag*  
 12.10: *"Sauadag" - aktivitetsdag saman med 4H-klubbane i Hå*  
 19.10: *"Slynging av honning", aktivitetsdag i samarbeid med birøktarlaga*  
 02.11: *"Frå korn til brød og graut". Aktivitetsdag*  
 09.11: *"Gammaldags julepynt". Aktivitetsdag*  
 19.11: *Temakveld om birøkt med gjesteførelsing av professor Stig Ormholt v/NLH*

### Utstillinger:

- "Frå matauk til sportsfiske"*  
 Norges Jeger- og Fiskerforbund 125 år  
*"Ung på Jæren i 1950-åra"*  
*"Bia - bårt minste husdyr"*  
*"Klapping med ei hand i grøn åtgaum". Måleriutstilling av Einar Myklebust*

### Sommartilbodet

På grunn av tronge budsjettammer blei bruken av ferivikarar vesentleg redusert. Svein Høyland var stort sett dreng på garden kombinert med noko arkivarbeid, medan Helene Østby Larsen tok hand om resepsjonen. Denne sommaren hadde me ikkje råd til fast gaid, men Bjørg Sandve kombinerte bondekone-rolla med gaidturar på ein ypparleg måte. Sidan det ikkje var den store tilstrøyminga av turistar, fungerte dette bra. Det viktigaste sommartilbodet er trass alt bondekona og ulike aktivitetar på garden. Dette opplegget blei og forbetra. I juli månad blei det laga særskilde dagsprogram med forskjellige aktivitetar som blei annonsert via NRK-lokalen kvar veke. Aktivitetane tok stort sett utgangspunkt i gardsarbeid eller matlaging - steiking av potetkaker, koking av "bede" til middag o.likn. Elles er køy-

returar med hest og kjerre faste og populære tilbod for barnefamiliane. Og publikumsundersøkinga i sommar viste at gjestene våre var endå meir nøgde enn i fjor.

Det var og eit stort framskritt at det før sommarsesongen blei skilta frå Nærbo sentrum og til Jærmuseet.

### Skular og barnehagar

Takka vera at Jærmuseet nå har fått tilsett eigen pedagog, er skuletilbodet i løpet av dette året blitt meir profesjonelt og kvalitativt betre. Etterspurnaden frå forskjellige skuleklassar har òg auka. I alt hadde museet besøk av 238 ulike skuleklassar eller barnehagar. Det store fleirtalet er framleis grupper frå barneskulen (151 stk.). Elles var her 12 grupper frå ungdomsskulen, 10 klassar frå vidaregåande skular, 13 studentgrupper og 52 barnehagar. Medan talet på skuleklassar auka med heile 46 klassar (!), gjekk talet på barnehagar noko ned (- 16). Me ser ikkje bort frå at dette kan ha samanheng med 6-års reformen.

Talet på feriekubbar gjekk og ned, frå 15 til 6, først og fremst fordi Fiks Ferige Fritid i Stavanger valde andre opplegg denne sommaren.

Elevane i 2. og 5. klasse frå Bø skule på Nærbo har, tilliks med tidlegare år, følgt onnearbeidet gjennom jevnlege besøk i perioden mars - oktober. Dette året blei også 2. klasse ved Motland skule med på same ordninga.

"Julenissefesten" før jul er stadig svært populær, og 36 grupper var med dette året.

Dei fleste klassane frå barnetrinnet følgjer undervisningsopplegget "Læra ved å gjera". Fleirtalet av gruppene kjem med tog til Nærbo, der dei vert henta med hest og kjerre, eller traktor og tilhengar.

Mindre elevgrupper frå ungdomsskulen i Hå har



- 1) *Glimt frå undervisninga. 3 klasse på Motland skule var ivrige på å spreia lort i mars månad.*
- 2) *Elevane frå Soma skule får nærkontakt med grisene.*
- 3) *3 klasse på Bø skule er blant dei som får vera med i arbeidet fleire gonger i løpet av skuleåret. Her sår dei kålrot i drivbenk i mars.*

nytta seg av Jærmuseet i samband med prosjektarbeid. Dette gjeld t.d. lån av lysbilete og rettleiing om eigna litteratur i tilknytning til prosjektoppgåver.

Tre av studentgruppene har vore med på eit prosjektarbeid organisert av HIS (Høgskolen i Stavanger) og Jærmuseet i lag. Grunnlaget for prosjektarbeidet har vore at studentane tar utgangspunkt i dei mulegheitene som Kviagarden kan tilby. Arbeidet vart difor sentrert rundt dyra på garden og studentane undersøkte korleis garden kan nyttast i tilpassa undervisningsopplegg.

Med så mange born på besøk er det viktig å fokusera på tryggleiken for publikum. Personalet har ved fleire høve freista kartlegga moglege farar og drøfta tiltak. Først og fremst bør det komma trafikksikringstiltak på fylkesvegen der ungane spring att og fram mellom Kviatunet og museumsbygget. Museet har fleire gonger vore i kontakt med Vegvesenet om dette problemet, men me har så langt ikkje vunne fram med våre synspunkt og erfaringar.

### Grupper, servering og utleige

Denne aktiviteten har blitt vesentleg redusert i høve til 1996, særleg vurdert m.o.t. økonomisk omsetning. I 1997 hadde museet besøk av 57 grupper utanom barn, ungdom og studentar.

Av desse var 19 bedrifter, 19 organisasjonar og 15 offentlege etater eller verksemder.

I 1996 var det 92 slike gruppebesøk. Museet var utleigd 32 gonger (49 gonger i 1996) fordelt på 7 bedrifter, 4 lag, 9 offentlege etatar/verksemder og 12 private. Talet på privat utleige har auka med 3, dei øvre gruppene har gått tilbake.

I tilknytning til "Barnas ENS" hadde Jærmuseet ein eigen aktivitetsdag. Dei to deltakargruppene fekk vera

med på separering av mjølk og kinning av smør. I tillegg fekk dei omvising på garden og mat i kafeen.

### Totalt besøk

Medrekna enkeltbesøk, skular, barnehagar og ulike andre grupper registrerte Jærmuseet dette året vel 24.100, mot nærare 28.000 besøkande i 1996. Av desse var omlag 16.500 vaksne og vel 7.600 barn. Dette er registrerte besøk, slik at det reelle talet truleg er noko høgare.

Oversynet nedanfor viser at særleg sommarbesøket var dårleg dette året. Ein lagnad me deler med svært mange andre museer.

### Tilbod til psykisk utviklingshemma

Avtalen med helse- og sosialetaten følgjer same opplegg som tidlegare år. Psykisk utviklingshemma brukar Jærmuseet og Kviagarden 3 dagar i veka.

Torill Tegle har ansvaret for gruppene torsdagar og fredagar. Då er her brukarar frå Hå kommune. Hovudaktiviteten er å gå tur og delta i forskjellige andre aktiviteter i området kring Jærmuseet. Elles står køyring med hest og kjerre eller riding på programmet. Dette er tiltak som er svært viktige for desse gruppene. For somme betyr også dyra mykje - ta og kjenna på dyra, vera med å mata dei o.l. Er det kaldt og surt ver ute, har gruppene litt meir inneaktivitetar som klypping, liming, maling, karding og toving av ull, eller dei lagar forskjellige ting som brukarane kan ta med seg heim. Vanlegvis blir kafeen og kjøkkenet i museet nytta til matlaging og fellesmåltid. Året blir avslutta med graut på låven.

Måndag er det brukarar frå Nærlandstunet som er her. I samarbeid med Hå kommune blei det og skipa

til ein friluftsdag for psykisk utviklingshemma med deltaking frå heile regionen.

### ANNA UTOVERRETTA VERKSEMD "Marshall-jubileet"

I samband med 50-års jubileet for lanseringa av Marshall-planen kom fleire ting frå Jærmuseet sine samlingar til heider og nytte. Den amerikanske ambassaden etterlyste m.a. stoff om Marshall-hjelpe. Jærmuseet kontakta ambassaden og opplyste at me m.a. hadde ein Massey Harris traktor 1947-modell og fleire andre landbruksmaskinar som kom til Norge i samband med denne planen. Det synte seg då at Marshall-jubileet også skulle markerast i Stavanger fredag 6. juni, i tillegg til feiringa i Oslo den 5.

12. april fekk då Jærmuseet besøk av m.a. the Public Affairs Officer Michael Scanlin og Deputy Director JoDell Shields frå den amerikanske ambassaden og president Hans Eyvind Næss i det nyskipa "The ORION Foundation". Gjestene blei svært begeistra for museet sin Massey Harris traktor og ville gjerne ha denne utstilt framfor Rogaland Kunstmuseum der den amerikanske ambassadøren skulle halda si mottaking 6. juni. Og slik vart det. I tillegg til traktoren kunne museet og stilla med papirsekker med orginalt Marshall-merke som var komme frå Potetmjølfabrikken på Klepp.

Jærmuseet har og ein Allis Chalmers slepeskurteskar. Hans Jakob Aandstad frå Hof i Solør kunne stadfesta at denne kom til Nils Hunsager i Hof i 1947 som ein del av Marshall-hjelpe.

Med bakgrunn i dette 50-års jubileet søkte Jærmuseet Norsk Kulturråd om midlar til restaurering av slepetreskaren. Museet fekk innvilga kr. 100.000,-. På grunn av forholda i verkstaden og manglande hand-

verkarkapasitet har ikkje arbeidet komme i gang i dette året, men me reknar med at prosjektet kan ta til i løpet av 1998 slik at løyvinga kan utbetalast.

### Andre arrangement utanom museet:

- Stand med presentasjon av museet sitt undervisningstilbod på skulemøtet for Rogaland, Randaberg vidaregåande skule 15.-16.10
- Haustmarken, Stavanger 16.-18.10. Plakatutstilling med presentasjon av prosjektet "Jærsk gardsmat".

### "Sjå Jæren"

"Sjå Jæren" 1997 sette fokus på jærhuset, byggeskikk og kulturvern på Jæren. Det som aktualiserte dette temaet nå var m.a. det jærhus-seminaret som kulturvernleiarane på Sør-Jæren, Fykesmannen og Rogaland fylkeskommune skipa til hausten 1996. Og arbeidet med ein handlingsplan for jærhusa som blei sett i gang hausten 1997. Boka inneheldt og ein artikkel om jærarkitekten Per Line. Då årboka var i trykken kom sør-gjebodskapan frå Hauge i Klepp: Per Line var gått bort. Me er i dag glade for at han sjølv var med og valde ut foto- og illustrasjonsmateriale, og at han tydeleg sette pris på artikkelen siv.ark. Jan Carlsen skreiv om han. Årboka 1997 har fått rimeleg god omtale og er blitt vel motteken. Naturleg nok har særleg artikkelen om Per Line fått stor merksemd. Men også Ragnhild Thu sin artikkel "Bur det jærsk i jærhusa?" har vekt stor interesse og har blitt nytta som innfallsvinkel til fleire reportasjar om kulturvernet på Jæren.

Boka var på 170 sider, vart trykt i 1000 eksemplar og kom ut i byrjinga av desember. Redaksjonsnemnda bestod av Gro Person Trodahl, Ståle Undheim, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland.





Den amerikanske ambassadøren, Lofthus, fann seg vel tilrette på Jærmuseet sin Massey-Harris traktor utanfor Rogaland Kunstmuseum.  
Foto: J. O. Grimstvedt.

## LAGER, TILVEKST OG SAMLINGAR Innsamling

Museet har også dette året måtta takka nei til mange tilbud, men me set stor pris på at folk kontaktar oss.

- Det har komme inn nokre gjenstandar i samband med aktuelle oppgåver me arbeider med. M.a. har me fått noko bieutstyr og gjenstandar til heimahu-set på Kviagarden.

- Me har fått ein betydeleg tilvekst til bedriftsarkivet frå Kverneland. Det er foto og film-materiale frå 1950-tallet til omlag 1980. Det omfattar m.a. fotografiering til reiskapskatalogane i denne perioden. Materialet inneheld svart-kvitt negativ i 6 x 6 cm, 24 x 35 mm, dias i 6 x 6 cm format og ei mindre mengd papirkopiar. Tilsaman anslagsvis 25.000 bilete. Film-materialet inneheld originalopptak og

kopiar i 8 mm, 16 mm og 35 mm fargefilm, omlag 100 små og større rullar.




- Eldre og nyare faglitteratur frå landbruket er aktuelt stoff til biblioteket vårt. Dette året har me fått litteratur både frå privatpersonar og institusjonar. Største tilveksten kjem Landbrukskontoret på Rennesøy. Den er på omlag 8 hyllemeter litteratur, landbruksstatistikk, småskrift, tidskrift, årsmeldingar mm. frå 1950-tallet og framover.
- Me har også fått ein tilvekst av nokre protokollar til bedriftsarkivet frå Kyllingstad.
- Ullvareprodukt er eit aktuelt innsamlingstema. Me har fått strikkeoppskrifter og modellplagg som viser produkt frå Gjesdal Spinneri as.

## Takk til følgjande gjevarar:

Gabriel Garborg, Time; Steinar Håland, Klepp; Petter Helland, Time; Per Kåre Hetland, Hå; Kverneland as v/Kjell Thime; Kverneland-Underhaug as v/Einar Lea, Astrid Kvia, Hå; Landbrukskontoret Rennesøy, Sigfrid Nedrebø, Time; Jens og Anna Haugland, Time; Abraham Nord-Varhaug, Hå; Norsk Oljemuseum; Jarle Nærland, Hå; Lars Ødemotland, Hå; Planteforsk Særheim, Klepp; Jørgen Risdal, Hå; Sverre Skjæveland, Time; Svein Skretting, Hå; Gudmund Taksdal, Klepp; Eva Watne, Sandnes; Inger Zachariassen, Hå.

## Restaurering og vedlikehald

Saknet av fast handverkar er sterkt. Restaurerings-



Tilveksten til museet sine samlingar dette året bestod m.a. av strikkeoppskrifter og modellplagg som viser produkt frå Gjesdal Spinneri.

arbeidet har difor vore avgrensa til nokre mindre prosjekt. Restaureringssamarbeidet med Nærbø Ungdomsskule v/Torleif Jonassen har halde fram i 1997. Det er sett i stand ein tohjulstraktor av merket "Irus" og ei gammal rulleharv. Jon Obrestad og Lars har sett i stand ei motordriven kvern. Så nå kan museet mala sitt eige mjøl. Kverna blei for første gang demonstrert på aktivitetdagen "Frå korn til brød og graut" 2. november og ho vekte stor interesse. Elles er kverna nytta i samband med skulebesøk. Det er utført ein del vedlikehaldsarbeid på utstyr og reiskap. M.a. har traktorvogna fått ei grundig overhaling med ny kledning. Hestevognene blei overhalte før jul.

### Registrering

Museet har dette året gjort ein ekstra innsats med å registrera foto. Me har såleis gjort ferdig fotosamlinga i tilknytting til prosjektet "Med sauene til heis", i alt vel 600 reprofoto og 1250 nye foto. I 1997 blei det registrert omlag 1000 einingar meir enn året før. Likevel greier me ikkje å halda tritt med tilveksten i registrering av gjenstandssamlinga, fotografa, arkivmateriale, reiskapskatalogar o.l. Kulturdepartementet har dessutan pålagt musea å laga handlingsplanar for å registrera etterslepet. Jærmuseet har ikkje sjanse til å få dette arbeidet utført innanfor ordinære budsjettammer.

*Den nyrestaurerte kverna blei innvia på korndagen 2. november. Jærbladet hadde ein fin førehandsomtale av arrangementet.*

18 Onsdag 29. oktober 1997 Jærbladet



USIKKER: Kvar skal pinen stå? Lars L. Odemotland prøver seg fram for å få kverna til å mala med kornet. (Foto: Inger Gjesdal)

## Har kvern, søker møllar



GROVMÅL: Dene er nok beste egna til for ein til bakemål står Lars L. Odemotland og Målfrid Smørstland fast. (Foto: Inger Gjesdal)

Sundag er det treskjedag på Jærmuseet, og Lars L. Odemotland hadde håpt å få svev på den nyrestaurerte elektriske kverna til dess. Kan nokon hjelpa?

**J**INGER GJESDAL

Me fekk henne i si tid på Nærbø, hjå Arne T. Nærbø. Nesti samsving har ho ikkje vore i bruk sidan før krigen, trur Lars L. Odemotland.

Kverna kan vera dansk. Ho er drivnen av elektrisk motor, er flyttbar, men veldig kompakt.

Ho er tung å flytta og hadde nok stort sett sin faste plass på løy. Spør om ho må ha vore i bruk etter elektrisiteten kom, er det nok ikkje felt mange som har sett henne i drift, trur Odemotland.

Sjølve kvernsteinane er ikkje av naturstein slik det var vanleg i dei gamle bekkverkene. Dei er støypte og iblanda knust flint.

Steinane er etter misten grove. Kanhende er kverna i første rekke tiltenkt maling av for andrest Odemotland.

Det er ein av linna han håper å få svar på frå roynde møllarar.

Aktivitetisdag

Det er ikkje lunde den elektriske kverna som skal gje lyd frå seg på Jærmuseet på sundag. Det er treskjedag og, full aktivitet på Kvam-parken, hele dagen.

Me skal visa tresking med både fast, treskjebane og treskjeverk. Treskjebane har forresten paradmotor. Det er ganske spesielt, meiner museumstyvar Målfrid Smørstland.

Museumstyvaren lovar aktivitetar for heile familien. Blir det gøyg på den elektriske kverna, kan det bli mjøl også.

Me er på ikkje heil avhengige av kverna heller, smiler Smørstland.

Ho lovar glovarm bakarom i kjellaren og røkande tørkepotteikar og styrekarer, uansett.

### FORSKING OG DOKUMENTASJONSPROSJEKT

Dette året starta Jærmuseet eit nytt forskingsprosjekt "Plast i jordbruket" som er delprosjekt i eit nasjonalt forskingsprosjekt "Plasten i det moderne Norge". Det er eit hovudmål å visa korleis bruken av plast pregar gjenstands- og konsumentkulturen i dagens Norge.

For Jærmuseet er prosjektet si målsetting å undersøka korleis plastmaterialet er tatt i bruk i landbruket og den landbruksbaserte industrien, og sjå på kva konsekvensar dette har fått for arbeidsprosessar, arbeidsorganisering, byggeskikk og kulturlandskap.

Prosjektet blir støtta av Norges Forskningsråd med tilsaman 3,675 mill. kr. over dei tre åra 1997 - 1999. Av denne summen vil Jærmuseet få inntil 205.000 til frikjøp av prosjektdeltakarar. Konservator Målfrid Grimstvedt har ansvaret frå Jærmuseet. Ho har dette året deltatt i to prosjektsamlingar og utarbeidd arbeidsnotat som skisserer rammene for prosjektet. Direktør Gunnar Nerheim ved Norsk Teknisk Museum er prosjektleder for det nasjonale forskingsprosjektet. Han er også rettleiar for hovudfagstudentar i historie ved Universitetet i Bergen. To av desse arbeider med jordbruket og reiskapsindustrien på Jæren i etterkrigstida og har delvis tilhald her på museet.

I oktober/november kom ein og i gang med innsamlinga av jærske mattradisjonar. Bjørg Sandve og Aud Kari Kvalbein har intervjuva tilsaman 21 informantar, fordelt på alle dei sju jærkommunane + Bjerkreim. Ingrid Varhaug blei engasjert til utskrivning av intervju.

### BYGNINGAR OG ANLEGG

#### Reiskapshus.

Den store og aukande aktiviteten på Kviagarden, med demonstrasjonar av ulike maskinar og reiskapar knytta til dei ulike onnene i jordbruket, krev etter kvart ein rimeleg stor maskinpark - som igjen krev ekstra husrom. Fram til nå har verkstaden og driftsbygningen på garden fungert som reiskapslager. Dette har hindra vidare innreiing av verkstaden. Då museet fekk refundert ein betydeleg sum i momspengar for museumsbygget, såg styret ein utveg til å få reisa eit eige reiskapshus. Dette arbeidet kom i gang utpå hausten 1997, og vil bli fullført på nyåret. Jæren Skoglag har og vore svært velviljuge og sponsa oss med søyler til å bera oppe taket.

For å betra arbeidsmiljøet i verkstaden er det og lagt til rette for at kompressorane som skal driva verkstadmaskinane kan leggest ut i reiskapshuset. Arbeidet blir utført av Kvía AS.

#### Sprinkling av bygningane i Kviatunet

Det var svært gledeleg at fylkeskommunen dette året prioriterte brannsikring av bygningane i Kviatunet, noko som utløyste sikringsmidlar frå Norsk Museumsutvikling. Takka vera kr. 150.000,- i gåve frå stiftelsen UNI kunne prosjektet fullfinansierast. Også dette arbeidet blei sett i gang seinhaustes 1997, og det gjenstår berre mindre ting før det er ferdig. Anlegget består av eit tørrsprinkleranlegg og eit brannmeldingsanlegg, og det skal koplast til brannmeldingsanlegget i museumsbygget. Dette arbeidet gjenstår.

Sprinkleranlegget blir installert av Tollefsen Rør AS, som også hadde tilsvarande oppdrag i nybygget, medan Anestad Elektro står føre brannmeldingsopplegget.

## Audamotland

Det gamle huset på Audamotland er endeleg komme under tak. Restaureringsarbeidet er langt frå ferdig, men huset er nå nærast kledd inne og redda for ettertida.

Tett oppunder jul lukkast me å få Jon Godal til å undersøka huset. Godal er knytta til Handverksregisteret på Maihaugen, og er i dag ein av dei fremste ekspertane på gamle byggemåtar og bygningshandverk. Utfrå ein del kjenneteikn på den handverksmessige utføringa av laftinga og behandlinga av tømmeret i den søre stova, meinte han at denne truleg var frå 1600-talet. Sjølv om årstalet 1654 er innskore i den eine takbjelken, og munnleg tradisjon går ut på at dette skal vera den eldste eller ei av dei eldste gjenverande stovene på Jæren, har me aldri lagt avgjerande vekt på dette tidlegare. Nå kan desse opplysingane likevel syna seg å vera vera rette. For å komma vidare med restaureringsarbeidet lyt ein skaffa meir midlar. Både heimehuset og driftsbygningen bør dessutan vurderast i samanheng med andre tiltak i Hanabergmarka, m.a. kanoparken i Audamotlandstjørna. På denne måten vil ein og ha utveggar til å skapa eit breiare finansieringsgrunnlag for vidare restaurering og vedlikehald av bygningane - m.a. spelemidlar og friluftsmidlar.

## Kvia stasjon

I samband med at Jærmuseet fekk tilbod om å nytta SESAM-toget i mai, sette museet på kort varsel i gang arbeid for å gjenopna Kvia stasjon. Med aktivitetsleiar Oddvar B. Høyland i spissen "heiv ein seg rundt", fekk mobilisert nødvendig arbeids- og maskinkraft, og med rekordrask sakshandsaming i NSB kunne Henning Lode frå NSB og ordførar Eldar Odland i Hå stå på nybygd plattform og ta i mot første ankomst av SE-

SAM-toget 21.mai. Næringsutvalet i Hå kommune løyvde 25.000,- kroner og gjorde tiltaket økonomisk mogleg.

## Seminar, møter, orienteringar, føredrag, representasjon

Dei fleste av dei gruppene som har besøkt Jærmuseet har samstundes fått noko orientering om museet og verksemda vår.

Det har vore skipa til fleire kurs på museet med relevans for kulturvernet i regionen:

- 10.04: "Den nye bondekulturen", Holdningar til kulturvern. Innleiar: Ragnhild Thu, kommentarinlegg: Inger Smidt Olsen
- 27.05: Konserveringskurs, kurshaldar: Eirik Aarebrot, Senter for konserveringssamarbeid, AmS. Det har vore arrangert følgjande interne kurs for museet sine tilsette:
- 20.03: Brannkurs/brannøving
- 14.05: Busstur for å bli kjent med anlegg og kulturminne på Sør-Jæren. Skipa til i lag med kulturkontora i Gjesdal, Klepp, Time og Hå og med deltaking frå alle desse kommunane. Fylkeskonservator Egil Harald Grude deltok som gaid på turen.
- 26.06: HMS-kurs (helse, miljø og sikkerheit) med Ada Schreiner frå APO
- 23.09: Orienterings- og skuleringsmøte for vaktene

## Museet sine tilsette har elles deltatt på følgjande tilskipingar, kurs, seminar, møte etc:

*Målfrid Snørteland har deltatt/representert Jærmuseet på følgjande arrangement:*

23.01: Rogaland Museumsråd, Egersund, 7.02: årsmøte i Senter for konserveringssamarbeid, AmS, 12.03: føredrag om kulturminnevern i Klepp Arbeidarparti, 13.03: museumsleiarmøte, 20.-23.04: landsmøtet til Norges Museumsforbundet i Trondheim, 28.04: årsmøtet til Fagforum for Mat og Drikke, Varhaug, 6.05: opning av

Fyrmuseet på Tungenes, 13.05: fellesmøte mellom musea i Rogaland, fylkeskultursjefen og NMU, Jærmuseet, 6.06: opning av The ORION Foundation og markering av 50-års jubileet for Marshallplanen, Stavanger, 17.06: opning av Norsk Landbruksmuseum, Ås, 25.06: opning av nytt båthus på Karmsund Folkemuseum, Haugesund, 22.08: avskjedsfest for Arvid Midbrød, Dalane Folkemuseum, 19.09: museumsleiarmøte, Sand, 28.- 29.10: kurs "Bruk av drama i formidlingen", Stavanger Museum, 30.10: Seminar om forskning ved museene, Norges Forskningsråd; 18.11: Rogaland Museumsråd, Stavanger, 1.12: Revita-seminar, Norsk Folkemuseum, 2.12: Museumsforbundet sin haustkonferanse, Oslo,

*Målfrid Grimstvedt har deltatt/representert Jærmuseet på følgjande arrangement:*

29.01 Kåseri om folkedrakt og bunad i Nærbø bondekvinnelag, 13.02 kåseri om folkedrakt og bunad i Orre bondekvinnelag; 27.03 Innlegg om EDB for årsmøte i NOKU, Rogaland; 7.-8.04 Seminar om feltkatalog og Outline, Norsk Museumsutvikling; 9.4 Seminar om samtidsdokumentasjon, Norsk Folkemuseum; 21.06 Byvandring på Sandnes for Sandnes kulturkontor; 25.- 26.08 Seminar om kulturlandskap i landbruket, Fylkesmannen i Rogaland; 25.- 26.09 Arbeidseminar "Plastprosjektet"; 26.09: Foredrag på Bunadseminar i Noregs Ungdomslag, Stavanger. 30.09: Seminar om forskning ved museene, Norges Forskningsråd; 5.11 kåseri om folkedrakt og bunad i Bjerkreim bondekvinnelag; 17.11 kåseri om folkedrakt og bunad i Klepp bondekvinnelag; 27.- 29.11 Konferansen Kult-slutt, Norges Forskningsråd; 1.12: Revita-seminar, Norsk Folkemuseum.

*Inger Smidt Olsen: 23.-24.2: Besøk/studietur til Norsk Luftfartssenter, Bodø, 20.-23.4: Årsmøte og seminar, Norges Museumsforbund i Trondheim, 6.05: opning av Fyrmuseet på Tungenes, 10.06: Moi; Lund kommune: møte om Hans Andreas Navrestad sin flytur som skal ha funne stad i 1825. 25.06: Moi; Lund kommune: informasjonsdag om Hans Andreas Navrestad, 30.10: dagskonferanse "forskningspolitikk og forskningsansvar", Norges forskningsråd, Oslo. 03.-04.11: Risør: intervju med Reidun Kjetilson vedr. flyselskapet Fjellfly. 11.11: Halvdagsseminar i Stavanger, "Gamle*

hager", arr.: Fortidsminneforeningen og Hageselskapet, 13.-14. 11: Privatarkivseminar, Lillehammer, arr.: Riksarkivet, LLP, Opplandsarkivet

19.-20.11: EDB-kurs, registreringsprogram: Stavanger Museum, 27.-29.11: KULT-konferanse, Oslo, 01.12: Moi: møte om "Navrestadsaken"; vidare dokumentasjon og arbeid *Bjørge Sandve: 9.04: skulemøte i Rogaland, Sola Kulturhus, 15.-16.10: skulemøte i Rogaland, Randaberg v.s. Presentasjon av undervisningsopplegget ved Jærmuseet, 29.-30-10: kurs "Bruk av drama i formidlingen", Stavanger Museum, 12.11: MIR-møte (Museumsarbeidarar i Rogaland), Rogaland Kunstmuseum.*

*Knut Austad: 7.-8.02: Årsmøte og fagsamling i Norske 4H, 9.04: skulemøte i Rogaland, Sola Kulturhus, 4.-6.06: Seminar om "Kulturlandskaps husdyr og bevaring af gamle landracer i Norden", Skarrildhus, Danmark, 10.-13.07: Slåttekurs - praktisk skjøtsel av verdifullt kulturlandskap, Ryghsetra, Nedre Eiker, Buskerud, 17.-18.07: synfaring bronsealdergarden i Kristiansand, Torvstrøfabrikken i Birkenes og Geodatasenteret i Arendal, 15.-16.10: skulemøte i Rogaland, Randaberg v.s, 29.-30-10: kurs "Bruk av drama i formidlingen", Stavanger Museum, 11.11: seminar om "gamle hagar", Stavanger kulturhus.*

*Lars Ødemotland: 10.-13.07: Slåttekurs - praktisk skjøtsel av verdifullt kulturlandskap, Ryghsetra, Nedre Eiker, Buskerud, 7.-9.11: studietur med Gammeltraktorens Venner til div. samlingar i Horsens, Danmark.*

Styreleiar Jone Vadla representerte museet ved opninga av av Fyrmuseet på Tungenes 6.05 og markeringa av 50-års jubileet for Marshallplanen i Stavanger 6.juni.

## Særskilde engasjement, styre, utval etc.

Målfrid Snørteland er nestleiar i Norges Museumsforbund, medlem av NMU sitt IT-utval, sit i prosjektgruppa for Hanabergmarka og i juryen for byggeskikkprisen i Gjesdal. I 1996/1997 var ho med i redaksjonsnemnda for historia til Rogaland Landbruks-selskap Målfrid Grimstvedt er medlem i Bunad- og fol-



*Saman med kulturkontora i Klepp, Time, Hå og Gjesdal skipa Jærmuseet til buss-tur for medarbeidarane. Målet var at dei som arbeider med kulturformidling i desse kommunane skulle bli kjende med dei viktigaste kulturanlegga i regionen.*

*Her orienterer kulturvernleiar i Time, Ståle Undheim, om Fotland bygdemølle.*

kedraktrådet og er styremedlem i MIKA, Museumsforbundet sin seksjon for museer innan industri, kommunikasjon og anlegg.

#### **MEDLEMMER**

Medlemstalet i 1997 var 237 personlege medlemmer, 34 lag og 9 bedrifter, i alt 281 medlemskap. Dette er det same som året før. Heller ikkje dette året har museet fått drive meir aktiv medlemsverving.

#### **ARBEIDET I KOMMUNANE**

##### **Flyhistorisk Museum, Sola:**

Konservator tok til i dette arbeidet 01.01.97. Dei museumsfaglege arbeidsoppgåvene gjeld først og fremst katalogisering og ordning av gjenstands- og arkivmateriale, dokumentasjon, forskning, utviklingsarbeid og formidling innan museet sitt arbeidsområde som er

luftfartshistorie. Hovudarbeid i 1997 har vore:

Etablering/formalisering av samarbeid FMS-JÆ: 1997 har vore eit "innkøyringsår". Ein har no hausta røynsler til å inngå ein samarbeidsavtale mellom FMS og JÆ tidleg i 1998.

Katalogisering og ordning av gjenstands- og arkivmateriale: Konservator har halde "minikurs" i registrering/katalogisering og intervjuteknikk for medlemmer av Historiegruppen ved FMS. Først i desember 1997 kom EDB-utstyr med tekstbehandling og registreringsprogram på plass på Sola, slik at konservator no har fått likeverdige arbeidsstasjonar på Sola og Nærbø. Dette er kjøpt av Jærmuseet med støtte frå Sola kommune. Registreringsarbeidet vil koma i gang for fullt i 1998.

*Dokumentasjon:* Fleire dokumentasjonsprosjekt starta opp i 1997: Regional luftfartshistorie 1946-1970,

dokumentasjon kring flyselskapet Fjellfly, og minneoppgåver; intervju med eldre luftfartspersonell og pionerar.

*Formidling:* FMS deltok med flymotorar på "Teknikkens dag" på Jærmuseet 11.05.97. Konservator har elles hjelpt til ved nokre gruppeomvisningar på Sola.

#### **Randaberg**

Jærmuseet ved Inger Smidt Olsen har hjelpt til med å skaffa gjenstandar til ny fyrhistorisk utstilling på Tungenes, samt vore med på 3 planleggingsmøte som gjeld Sjøbruksmuseet. Arkivmateriale frå fyrstasjonar i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland som har vore mellombels lagra på Jærmuseet er i 1997 sendt til Statsarkiva i Bergen og Stavanger via Randaberg kommune.

#### **Gjesdal**

I høve Kulturminneåret 1997 gav Norsk Filminstitutt ut katalogen "Kulturminne på film". Gjesdal kommune og Jærmuseet svara positivt på spørsmålet om å la videofilmen "DFU Ullvarefabrikken 123 år" inngå i katalogen. Det inneber at Norsk Filminstitutt distribuerer filmen. Videofilmen blei laga av Jærmuseet for Gjesdal kommune då Ålgård ullvarefabrikk la ned produksjonen i 1994.

#### **Sandnes**

##### *Krossens Havremølle*

Målfrid Grimstvedt hadde undervisning på kurs for vaktene i Krossens Havremølle før sommarsesongen. Hausten 1997 sette kulturvernleiar i Sandnes igang arbeidet med vidare istandsetting av havremølla. Jærmuseet var med og drøfta kva som burde gjerast og

prioriteringa av oppgåvene. Målfrid Grimstvedt og Lars Ødemotland var med på nokre befaringar i samband med dette. Det blei installert grunnvarme i mølla. Frå slutten av året fekk mølla ein sivilarbeidar som begynte å rydda kjellaren. Lars Ødemotland har oppsyn med det arbeidet. Det vil fortsetta i 1998.

#### **Time**

Målfrid Grimstvedt har lagt tilrette for registrering og gitt opplæring til Kulturkontoret og Kulturminnemnd i samband med registrering av samlinga på Undheim.

#### **Hå**

Målfrid Grimstvedt var med i planlegging og gjennomføring av utstillinga på Hå gamle prestegard: "Bunader i Rogaland" som vart vist i april 1997. Ho la ned omlag 2 månadsverk. Ho er også med i planlegginga av ei større utstilling om klesskikk i Jæren og Dalane i 1998.

#### **Sluttmerknader**

Me kan oppsummera at også dette året har Jærmuseet hatt høg aktivitet på fleire område.

Mangelen på personalressurser er likevel svært merkbar, og utan tilføring av nye stillingar, det gjeld særleg kontorpersonale og handverkar, må museet freista å senka aktivitetsnivået.

## Rekneskap 1997

	Rekneskap 1996	Rekneskap 1997	Noter
<b>DRIFTSINNEKTER</b>			
Faste offentlige tilskot	2 610 047	2 770 301	
Salsinntekter	529 937	341 829	
Entreenntekter	452 094	371 402	
Utleige	100 500	62 965	
Boksal	269 710	162 892	
Annonser/medl.skap	119 462	112 130	
Jordbruksinntekter	81 670	98 982	
Diverse inntekter	245 624	110 233	
Særlege avtalar	340 000	350 000	
Bruk øymerka tilskot 1997	455 300	507 718	1
Refusjonar	541 232	302 700	
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>5 745 576</b>	<b>5 191 152</b>	
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Lønskostnader	2 543 210	2 340 561	
Honorar		10 500	
Sosiale kostnader	451 901	476 342	
Innkjøp av varer for sal	314 900	231 871	
Kjøp inventar og materiell	175 299	157 249	
Vedlikehald bygg	38 559	78 607	
Vedlikehald anlegg	142 929	589 806	
Vedlikehald samlingar	27 162	15 230	
Andre prosjekt	251 161	93 304	
Kontor og adm.kostnader	188 507	148 338	
Straum og reinhald	282 450	163 968	
Lagerleige	42 305	43 474	
Avgifter/forsikring	49 017	54 737	
Reiser/kurs/transport	165 775	176 231	
Gardsdrift	143 029	103 974	
Marknadsføring/utstilling	219 444	157 172	
Publikasjonar/dokumentasjon	353 554	113 359	
Andre driftskostnader	64 908	117 679	
Kvia stasjon		28 935	
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>5 454 110</b>	<b>5 101 337</b>	
<b>Driftsresultat</b>	<b>291 466</b>	<b>89 815</b>	
<b>FINANSINNEKTER:</b>			
Renter	111 888	116 537	
<b>Årsresultat</b>	<b>403 354</b>	<b>206 352</b>	

## Balanssekonto pr. 31.12.1997

	1996	1997	Noter
<b>EIGENDELAR</b>			
<b>Omløpsmidlar:</b>			
Kontantar	4 078	5 936	
Bank og postgiro	3 241 613	3 456 250	4
Kundefordringar	276 090	74 281	
Tilgode Kaja-midlar	45 998	65 000	
Andre fordringar	120 632	9 033	
Innskot i Nærbo Handelslag	2 990	2 990	
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>3 691 401</b>	<b>3 613 490</b>	
<b>Anleggsmidlar</b>			
Inventar/utstyr	0	0	2
Edb-utstyr	0	0	2
Bygningar	0	0	2
Kviagarden	0	0	2
Samlingar	200 000	200 000	5
<b>Sum eigendelar</b>	<b>3 891 401</b>	<b>3 813 490</b>	
<b>GJELD</b>			
<b>Kortsiktig gjeld:</b>			
Leverandørgjeld	429 690	544 089	
Skuldig skattetrekk	103 211	105 058	
Skuldig arb.gjevaravgift	44 728	64 310	
Skuldige feripeng. inkl. arb.gj.avg.	240 174	230 590	
Skuldig mva.	0	11 167	
Anna kortsiktig gjeld	0	12 283	
Forskot forsikring		26 350	
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>817 803</b>	<b>993 847</b>	
<b>Langsiktig gjeld:</b>			
Gjeld til Hå kommune	535 000	335 000	
<b>Sum gjeld</b>	<b>1 352 803</b>	<b>1 328 847</b>	
<b>EIGENKAPITAL</b>			
Ubrukte midlar - byggetrinn 1	1 056 659	896 500	3
Ubrukte midlar - byggetrinn 2	20 000	30 000	
Andre øymerka tilskot	614 474	504 326	1
Totalt øymerka tilskot	1 691 133	1 430 826	
Grunnkapital	200 000	200 000	5
Fri eigenkapital 31.12.96	647 465	647 465	
Årets overskot		206 352	
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>2 538 598</b>	<b>2 484 643</b>	
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>3 891 401</b>	<b>3 813 490</b>	
Nærbo, 17.02. 1998			

Jone Vadla    Roald G. Bergsaker    Ole I. Bogs

Karin Røyseland Jordal

Einar Lea    Anfinn Lorentzen

Eldar Odland    Einar Jan Ronæs

Olav Sande

Liv Todnem

Knut Austad

## Noter til rekneskap

### Note nr. 1: Øymerka tilskot

Posten består av:	
Tilskot og gáver 1997	397 570
Overført frá 1996	614 474
Overført til 1998	- 504 326
<b>Sum</b>	<b>507 718</b>

### Jærmuseet har fått tilskot frá følgjande bidragsytarar i 1997:

Fylkesmannen/DN	80 000	Skjøtselsforsøk i Hanabergmarka
Norsk Museumsutvikling	192 570	Brannsikring av Kviatunet
Norges Forskningsråd	55 000	Forskningsprosjektet "Plast i landbruket"
Hå Nærings- og utvikl.selskap	25 000	Kvia stasjon
"Stiftelsen til fremme av jordbruket i Nærbo og omegn"	20 000	Innkjøp til undervisningsmateriell på Kviagarden
Samarbeidsrådet i Rogaland	25 000	drift av Jærmuseet-Kvia 4H gard

### Note nr. 2: Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar:	Inventar /utstyr	Edb-utstyr	Bygningar	Sum
Kostpris 1.01. 1997	400 000	178 910	17 624 716	18 203 626
Tilgang 1997	53545	0	306 614	360 159
Kostpris 31.12. 1997	453 545	178 910	17 931 330	18 563 785
Investeringsstilskot	453 545	178 910	17 931 330	18 563 785
Netto kostpris	0	0	0	0

Dei varige driftsmidlane er fullt ut finansierte med tilskot til 1. byggetrinn. Me har valt å føra tilskotet til frádrag i anskaffelseskostnadene, og får følgjeleg ein netto kostpris lik 0.

Det same gjeld for Kviagarden som også er innløynt og restaurert for offentlege tilskot.

Alternativet hadde vore å avskrive dei varige driftsmidlane over levetida, og tatt tilskotet til inn-tekst i takt med avskrivningane. Dette ville gitt same driftsresultat.

Bygget er fullverdiforsikra. Premiegrunnlaget blei i 1997 indeksregulert med 4,9 % pr. år slik at premiegrunnlaget då totalt for hovudbygg, auditorium og verkstad var kr. 20.693.000,-.

For Kviagarden var premiegrunnlaget i 1997 totalt kr. 2.228.000,-.

### Note nr. 3: Ubrukte midlar byggetrinn 1

Norsk Kulturråd	3.700.000
Landbruksdirektøren	150.000
Fylkeskommunale tilskot	5.170.000
Kommunale tilskot	4.852.042
PU/Hå	60.000
Tilskot Hå	2.000.000
Spelemidlar (1997)	200.000
Private gáver til nybygg	2.207.394
Forskot husleige Hå Bygdemuseum	650.000
Renter	181.488
Refusjon moms	289.361
Finansieringsramme	19.460.285
Totalt investert	18.563.785
Ubrukte midlar	896.500

## Noter til rekneskap

### Note nr. 4: Bundne skattetrekksmidlar

Av denne summen er kr. 105.058,- bundne skattetrekksmidlar.

### Note nr. 5: Grunnkapitalen

I følgje museet sine vedtekter utgjer samlingane stiftinga Jærmuseet sin grunnkapital. Grunnkapitalen i offentlege stiftingar skal vera minst 200.000,- kroner. Det er vanskeleg å fast-setja samlingane sin reelle verdi, m.a. fordi mange ting er uerstattelege. Premiegrunnlaget for forsikringssummen er oppgitt til kr. 850.000,-.



*Vinterstemning i Hanabergmarka.*



*4H var med på Vårdag siste søndag i april. Her har ungdomnar frå Vigre 4H laga bondegard i sandkassen.*